

## **Knoppskyting frå Vestavind Kraft.**

*”Vestlandsalliansen ønskjer å engasjere seg tyngre innan offshore marin energi. Vestavind Kraft, som til no har vore alliansen sin reidskap innafor vindkraft, vil difor bli supplert med eit nytt selskap for offshore marin energiproduksjon”, uttaler Ole Bjørn Alvestad, som er styreleiar i Vestavind Kraft.*

Vestlandsalliansen, som inkluderer kraftselskapa Haugaland Kraft AS, Sunnhordland Kraftlag AS, BKK AS, Sognekraft AS, Sunnfjord Energi AS, Sogn og Fjordane Energi AS og Tafjord Kraft AS, starta i 2005 eit forpliktande samarbeid innan vindkraft gjennom etableringa av Vestavind Kraft AS. Dette selskapet har engasjert seg i vindkraftprosjekt både onshore og offshore.

Offshore vindkraftprosjekt skil seg frå onshore vindkraftprosjekt ved at dei jamnt over er langt større. I tillegg representerer offshoreprosjekt ekstra utfordringar fordi installasjon, drift og vedlikehald normalt vil vere marine operasjonar, der vêr-, bølge- og vindforhold vil påverke tilgjenge til anlegga i stor grad. Både investeringane og driftskostnadane vil difor normalt bli vesentleg høgare enn for onshoreprosjekt.

På denne bakgrunn ønskjer selskapa i Vestlandsalliansen å etablere eit eige selskap som er dedikert for offshore energiproduksjon. Det nye selskapet vil saman med Vestavind Kraft AS komplettere alliansen sitt engasjement innan vindkraft. Gjennom det nye selskapet skal Vestlandsalliansen posisjonere seg for framtidig utnytting av marin energi.

Det nye selskapet, som vil ha base i Bergen, vil vidareføre Vestavind Kraft AS sine offshore-engasjement. Selskapet vil ha Nord-Europa som fokusområde for verksemda si.

Kontakt:

Ole Bjørn Alvestad, styreleiar Vestavind Kraft AS, mobil 907 33 755